

## PROGRAM:

- kl. 12.45 Oppmarsj
- kl. 13.00 Opning av banen ved ordførar Jens Arnesen
- kl. 13.15 Turnframsyning av barneturnarar frå II. Trio
- kl. 13.30 Stafett, 4 x 100 meter
- kl. 13.45 Fotballkamp — U-landslaget — Viking
- kl. 14.30 Bogeskyting ved KvH. Bueskytterklubb
- kl. 14.45 Fotballkamp 2. omgong
- kl. 15.30 Slutt

### *På dette programlodd vert det trekt ut:*

- 1 Ergo ped. Gåve frå Idrett- og Fritidsservice A.s
- 1 telt
- 1 sportsur: Gåve frå Kvinnherad Ur og Optik

### **FORMANN I BANENEMNDA FOR HUSNES IDRETTSPARK:**

Kommunestyret valde nemnd for idrettsanlegg i Husnes i nov. 1969. Arbeidet med treningsbane (grusbane) tok til i jan. 1970, og han vart teken i bruk i august same år.

Planlegging av stadion (grasbane m/løpebanar) vart sett i gang og godkjenning innhenta frå S.T.U.I. og idrettskonsulent. Kommunen sytte for grunnkjøp.

Arbeidet i marka tok til i 1972 som delarbeid med noko sysselsetjings-tilskot. Full finansiering og igangsetjing i 1973.

Grasbane m/internasjonale mål, tribuneanlegg, løpebanar m/rødstubb ferdig til overlevering og innviing den 20. juli 1975.

Banememnda takkar kommunen for all velvilje under arbeidet med denne store saka. Me ynskjer at idrettsungdomen får nytte og glede av Husnes Idrettspark og til ei kvar tid brukar han og stillar med han som ei kjær og verdfull gåve.

For banememnda  
Magnus Aksnes

## ORDFØRAR I KVINNHERAD

### JENS ARNESEN:

I høve opninga av idrettsbanen på Husnes, vil eg som ordførar ynskja til lukke med dette fine anlegget. Det er store investeringar som er lagt ned i idrettsanlegget på Husnes, og det beste ein no kan ynskja er at anlegga, og særleg dette siste no vert utnytta maksimalt av unge og eldre i Husnesområdet. Då vil anlegget tena sitt føremål og då vil ein ha noko att for det som er lagt ned.

Utviklinga av eit stendig betre velstands-samfunn har føregått på bekostning av m.a. den fysiske aktiviteten. Idrettsplassane skal vera med å gi ein kompensasjon for at vi i vårt daglege virke brukar kroppen mindre enn forfedrene, og for å hindra det fysiske forfall som særleg den teknologiske framgangen kan føra til, om ein ikkje er på vakt og innser at vi treng bruka lemer og lunger for å oppnå fysisk velvære, og fysisk velvære er heilt avgjerande for vår almentilstand.

I dag er det mange krefter som konkurrerar om ungdomen sin gunst, og aldri før så mange nedbrytande krefter. Det er å vona at dette fine anlegget på Husnes vil vera ein kraftig motpol mot desse krefter. Leik og sunn idrett har alltid hatt appell til ungdommen, og ein må tru at eit slikt anlegg som dette, som har høgste kvalitet som idrettsanlegg, og dessutan ligg i ei uvanleg vakker og frodig naturrâme, vil kunna trekkja ungdom til seg, og sjølvsagt dei eldre med. På ein industristad som Husnes er eit fullverdig idrettstilbod særleg viktig.

Kvinnherad kommune har teke eit krafttak på sports- og idrettssektoren i seinare år. No er det opning av det nye idrettsanlegget i Husnes, og seinare eit liknande anlegg i Rosendal. Kommunen har elles gitt hjelp til nokre andre anlegg.

Uskedalen har fått ny idrettsbane, og frå før finst grasbane på Halsnøy. Tomt er innkjøpt til treningsbane i Herøysundet og treningsbane er under bygging på Hatlestrand. Ei rekkje ballplassar står på prioriteringslista. Snart kan kommunen byggja sin fjerde symjehall.

Vi er glade for at kommunen har kunna vera med på å løfta opp og styrka ungdomstilbodet med alle desse nye anlegga, og det er vel naturleg at ein no lar pendelen slå over til ei anna gruppe, nemleg dei eldre og dei sjuke, og ta eit krafttak for desse. Og det er nettopp det som skjer i kommunen no.

JENS ARNESEN  
ordførar